



Landbruksdirektoratet

## MELDING OM VEDTAK

Dykkar ref: Vår ref: Sakshand: Arkivkode: Dato:  
2019/46-11 Torunn Raffevold Rue, 000 23.08.2019  
torunn.rue@seljord.kommune.no

### Høyring - forslag til ny forskrift om tilskot til tiltak i utvalde kulturlandskap i jordbruket og i verdensarvområda Vegaøyen og Vestnorsk fjordlandskap

Her følger særutskrift av planutvalet si sak nr. 41/19.

Med helsing

Torunn Raffevold Rue  
Natur- og Miljørådgjevar  
*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift*

Kopi til:

Hjartdal Kommune

FYLKESMANNEN I TELEMARK

FYLKESMANNEN I VESTFOLD OG

TELEMARK

LANDBRUKSDIREKTORATET

Postboks 2603

Postboks 2076

Postboks 8140 Dep

3702 SKIEN

3103 TØNSBERG

0033 OSLO



**Seljord kommune**

Arkiv: 000  
 Saksnr.: 2019/46-10  
 Sakshand.: Torunn Raffevold Rue  
 Direkte tlf.:  
 Dato: 12.08.2019

## Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Plan, miljø og teknisk utval	41/19	21.08.2019

## Høring - forslag til ny forskrift om tilskot til tiltak i utvalde kulturlandskap i jordbruket og i verdensarvområda Vegaøyen og Vestnorsk fjordlandskap

### Saksdokument:

Vedlegg:

- 1 Høringsbrev - Forslag til ny forskrift om tilskudd til tiltak i Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og i verdensarvområda Vegaøyen og Vestnorsk fjordlandskap
- 2 Høringsnotat - UKL og verdensarv

### Saksutgreiing:

#### Bakgrunn

Landbruksdirektoratet har på vegne av Landbruks- og matdepartementet og Klima- og miljødepartementet sendt forslag til ny forskrift om tilskot til tiltak i Utvalde kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområda Vegaøyen og Vestnorsk fjordlandskap på høring. Forslaget til ny forskrift er eit ledd i oppfølginga av Stortinget sitt vedtak om at ansvaret for forvaltninga av tilskot til Utvalde kulturlandskap i jordbruket kan overførast til kommunane. Det betyr at det blir ein heilt ny forvaltingsmodell for satsinga der kommunar, fylkesmenn og regional kulturminneforvaltning får nye roller og ansvar.

#### Litt informasjon

Utvalde kulturlandskap i jordbruket er ei tilskotsordning for å ta vare på eit representativt utval av verdifulle norske jordbrukslandskap. Landbruksdirektoratet koordinerer arbeidet nasjonalt, i samarbeid med Miljødirektoratet, Riksantikvaren, regional landbruks-, natur- og kulturminneforvaltning, kommunen, grunneigarar og landbruksføretak. I dag er fylkesmannens landbruksavdeling tilskotsforvaltar på regionalt nivå og koordinator. Dei samarbeider med fylkesmannens miljøvernavdeling og regional kulturminneforvaltning i fylkeskommunen og Sametinget. Kommunen har også en sentral rolle som tilretteleggar og kontaktpunkt. Føremålet med tilskot til tiltak i Utvalde kulturlandskap i jordbruket er å medverke til å sikre verdiar knytt til biologisk mangfald, landskap, kulturminne og kulturmiljø, under dette sikre langsiktig skjøtsel og drift. Tilskotsordninga for Utvalde kulturlandskap i jordbruket skal medverke til å ta vare på variasjonen i jordbruket sitt kulturlandskap. Grunnleggande for val av

område er at dei i størst mogleg grad omfattar jordbrukslandskap med både svært store biologiske verdiar og kulturhistoriske verdiar. Ein føresetnad er også at det er realistisk å få til langsiktig drift i områda. Vidare er deltaking som utvalt kulturlandskap i jordbruket frivillig. Tilskot skal medverke til å sikre istandsetting, vedlikehald, drift og skjøtsel av områda. Ein del av midlane vert brukt også til planlegging, prosessarbeid og kunnskapsinnhenting. Ein sentral pott vert dessutan sett av til å gjennomføre overordna oppgåver som samlingar, systematisk fotodokumentasjon og gjenfotografering, profilutforming (logo etc) og andre fellesoppgåver.

Utveljingsprosessen starta i 2008. Bakgrunnen for dette var oppfølginga av det nasjonale målet om at spesielt verdifulle kulturlandskap skulle vere dokumentert og ha fått ei særskilt forvaltning innan 2010 (LMDs St.prp. nr. 1 (2005-2006)). Ein vesentleg premis var at grunneigarane sjølv skulle vere motiverte og ha ei nøkkelrolle i arbeidet med å forvalte og skjøtte områda.

Det vil vere totalt 46 ulike utvalde kulturlandskap i løpet av 2020.

Samla budsjett har dei siste åra auka frå 12 mill. kroner i 2016 til 32,8 mill. kroner i 2019, der 11 mill. kroner kjem frå LMD/jordbruksoppgjæret og 21,8 mill. kroner frå KLD.

### Forslaget til ny forskrift

Ny forskrift inneber i seg sjølv inga endring i føremålet med tilskotsordninga, eller endring i type tiltak det kan søkast om tilskot til. Aktuelle tilskotsmottakarar vil vere dei same som i dag. I forslag til ny forskrift er kompetanse til å fatte vedtak flytta frå fylkesmannen til kommunen. Det er den største endringa. Meir arbeid og meir ansvar vert flytta til kommunen.

I tillegg inneheld forslaget nokre tekniske og språklege forbetringar, for å tydeleggjere avgjerda sitt innhald. Forslaget legg også opp til nokre nye reguleringar, slik som ny avgjerd om kriterium for å prioritere midlar, og at kommunen skal lyse ut tilskot og fastsetje vilkår for tilskot.

### **Vurdering:**

Formuleringane og oppstrammainga av språket er bra.

Vi stiller eit lite spørsmål ved første del ny § 3 som inneber at kommunen ikkje kan halde igjen deler av tilskotsmidlane til bruk til f.eks. fellestiltak. Det står at: *Kommunen skal utlyse alle tildelte tilskuddsmidler og fastsette vilkår for tilskudd i samsvar med formålet med tilskuddsordninga, målsettingar i eventuelt gjeldende planer for området og eventuelle samarbeidsavtaler mellom søker og kommunen.*

Dersom fellestiltak skal gjennomførast, må kommunen søkje sjølv og stå som prosjekteigar. Det er for så vidt greitt, men er det då meininga at vi gjer vedtak på slike midlar? Eller skal vi godkjenne eit budsjett i denne samanhengen? Her går det ikkje heilt klart fram korleis ein gjer det.

For å sikre likebehandling av søkjarar innanfor same kommune, skal kommunen ved utlysinga også klargjere kva for tiltak det kan gjevast tilskot til i samsvar med forskrifta og satsar og eigendelar for ulike tiltak. Dette vil kunne vere ein kombinasjon av kvantifiserbare (talfesta) og skjønnsmessige kriterium. Der det i noverande forskrift er vist til avtaler, er det føreslege å erstatte dette med «samarbeidsavtaler». Dette er for å tydeleggjere at det gjeld dei langsiktige samarbeidsavtalene/intensjonsavtalene mellom forvaltingsmyndigheita og tilskotsmottakar, og ikkje må forvekslast med eit vedtaksbrev.

Det er også forslag om eit nytt tiltak som det kan gjevast tilskot til. Dette gjeld kartlegging og dokumentasjon av landskapsverdiar og behov for skjøtsel og sikring. Den gjeldande forskrifta regulerer ikkje prioriteringskriterium. Difor vert det føreslege å ta inn eit par sentrale prioriteringskriterium som kommunen skal vurdere ved prioritering av kva for tiltak som bør få innvilga tilskot, når det er fleire søkjarar som konkurrerer om dei same midlane. Desse inneber at kommunen i vurderingar av kva for tiltak som skal prioriterast, kan leggje vekt på i kva

for grad kostnadene står i forhold til mål for tiltaket og anteken effekt, og i kva for grad tiltaket inngår i eit målretta og langsiktig arbeid som fremjar føremålet med tilskotsordninga.

Det er også forslag om ei presisering om at sækjar må innhente skriftleg løyve frå eigar og eventuelle rettshavarar. Siste ledd er nytt og inneber at kommunen skal innhente nødvendig kunnskap om landbruk, natur og kulturminne før det vert gjort vedtak om tildeling av tilskot.

Det er bra at alle vedtak vert gjennomført via Agros – ny digital løysing for søknad- og sakshandsaming i Ldir. Mykje av forskrifta og framgangsmåten, liknar på den godt innarbeidde SMIL-forskrifta. Det er bra at ein kan bruke system som allereie finst innanfor landbruksforvaltinga.

#### Økonomiske og administrative konsekvensar

Det er omlag 50 kommunar som i 2020 vil få tildelt nye oppgåver innan dette feltet. Det er stor variasjon i kva for verdiar som finst i områda, storleiken på område og tal grunneigarar/drivarar i områda. I tillegg til ordinær handsaming av søknader om tilskot i kommunen, er det viktig å ha gode prosessar for medverknad og informasjon til grunneigarar/drivarar om kva ordningane inneber. Både evalueringa av *Utvalde kulturlandskap* frå 2013 og årsrapportane frå fylkesmannen peikar på at prosessarbeidet er eit interessant og gjevande arbeid som medverkar til god lokal forankring, og at koordinering av dette arbeidet krev mykje tid, kapasitet og ressursar. Dette kan innebere noko meir administrasjon for kommunane for å sikre godt samarbeid mellom ulike aktørar. Dei administrative og økonomiske konsekvensane av å overføre oppgåver til kommunane vert vurdert til å vere knytt til kapasitet og kompetanse i kommunane. Mange kommunar har nødvendig kompetanse og rutine innan tilsvarande arbeid, og delvis langt større oppgåver og ansvar for forvalting av tilskotsordningar. Samstundes veit Ldir mfl frå evalueringa av *Spesielle miljøtiltak i jordbruket* (SMIL) i 2009 og Landbruksmeldingas omtale av Riksrevisjonens rapport om forvalting av 12 produksjonstilskot, at kapasitet og kompetanse på kommunalt nivå er kritiske faktorar for å kunne forvalte tilskotsordningar på ein god måte (Meld St 11 (2016-2017)).

Ressursbruk og prioritering av arbeid med kulturlandskapsverdiar vil kunne variere mykje avhengig av tilgang på og kapasitet i kommunane. Kommunane har også varierende grad av juridisk, agronomisk, naturfagleg og kulturminnefagleg kompetanse tilgjengeleg. Ein del kommunar har fagfolk med landbruksfagleg kompetanse, organisert anten innanfor eigne einingar (landbrukskontor) eller ofte samordna innanfor ei næringsavdeling i kommunen. Ein del kommunar har organisert interkommunale landbrukskontor.

Landbruket sine elektroniske søknadssystem vil kunne effektivisere arbeidet med sakshandsaming og rapportering.

Der kommunane ikkje har nok fagkompetanse, er det spesielt viktig at regionalt nivå har ein heilskapleg oversikt og rettleiande funksjon for kommunane, særleg i ein overgangsfase. I Telemark har vi god erfaring med fylkesmannen som rettleiar og medspelar. Dei har god kompetanse på landbruk og naturmangfald. Vi saknar gode og aktive medspelarar frå kulturminneavdelinga i fylkeskommunen. Det blir difor svært viktig og spennande om den nye regionen Vestfold og Telemark, kan stille med litt meir hjelp og støtte innan dette feltet. Det vil vere viktig for at ein skal kunne formidle og få til gode tiltak på kulturminne.

#### Rollefordeling

Sjølv om fylkesmannen i dag har vedtaksmynde, er det opp til aktørane i dei ulike områda korleis dei faktisk vil organisere seg og løyse oppgåvene. I nokre område i dag tek kommunen seg allereie av ein del av koordinatorfunksjonane som vert løyst av fylkesmannens landbruksavdeling i nokre av dei andre områda. I Hjartdal og Seljord er begge kommunane aktive på koordinatorfunksjonen. Det fungerer godt, og vi utfyller kvarandre på ein god måte. Samstundes vil rådmannen understreke at arbeidet med UKL tidvis allereie tek mykje tid, og når arbeidet med vedtaka også no vil flyttast til kommunen vil arbeidsmengda auke ytterlegare utan

at det ser ut til at det vil følgje midlar med til administrasjon. Til dømes var det i 2019 omlag 25 søknader og i 2018 omlag 20 som skulle handsamast hjå Fylkesmannen i Telemark. Hjartdal og Svartdal er eit av dei aller største områda med mange eigedomar og grunneigarar. Dette gjer naturleg nok arbeidet meir omfattande enn i andre mindre område.

Det varierer om det er eit samarbeidsforum for det enkelte området. For vårt område har vi valt å ha eit styre med personar frå politisk nivå, personar frå faglaga i landbruket og frå grunneigarane i området. Administrasjonen har teke seg av sekretærfunksjonen. Fleksibiliteten knytt til fordeling av roller og arbeidsoppgåver bør vidareførast etter at kommunane overtek vedtaksmyndigheita. Samtidig blir det viktig at det eksisterer ein felles arena der aktørane på alle nivå kan samlast. Dette er viktig både for å sikre grunneigarane/drivarane si involvering og eigarskap i planlegging, prioritering av tiltak og tilskotsforvaltning i samarbeid med forvaltninga, og for å ta vare på det tverrfaglege gjennom fagleg hjelp frå regionale etatar til kommunane. I Telemark har vi tett kontakt med fylkesmannen, og det er viktig i tida framover. Direktoratata tilrår at det vert oppretta eigne regionale og lokale samarbeidsforum. Den faglege kompetansen på fylkesnivået bør frameis brukast i arbeidet, samstundes som ein må ta omsyn til den nye rolla til fylkesmannen som kontrollør og klagemyndigheit på kommunane sine vedtak om tilskot.

Direktorat	Regionalt nivå	Kommune	Grunneier/driver
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Nasjonal koordinator</li> <li>• Regelverksutforming</li> <li>• Veiledning av reg. forvaltning</li> <li>• Arrangere fagsamlinger/nettverkssamlinger</li> <li>• Rapportering og budsjettforslag til LMD/KLD</li> <li>• Fordele ramme til fylkene</li> <li>• Klageinstans, kontroll</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Helhetlig, regional oversikt</li> <li>• Veilede kommunene</li> <li>• Bidra ved behov for kunnskap innen landbruk, natur og kulturminner</li> <li>• Kvalitetssikre planer</li> <li>• Koordinere budsjettinnspill</li> <li>• Rapportering og budsjettinnspill til Ldir.</li> <li>• Fordele ramme til områder</li> <li>• Klageinstans, kontroll</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lokal koordinator</li> <li>• Initiere tiltak</li> <li>• Ansvar for utarbeiding av planer</li> <li>• Søknadsbehandling, fatte vedtak, utbetaling av tilskudd</li> <li>• Veiledning av og kontakt med grunneiere/drivere o.a.</li> <li>• Inngå ev. avtaler</li> <li>• Budsjett, rapportering og kontroll</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Initiere tiltak</li> <li>• Utføre tiltak</li> <li>• Inngå ev. avtaler</li> <li>• Gi innspill til planer</li> </ul>

Skjematisk oversikt over eksempel på oppgåver og forslag til ny rollefordeling mellom aktørane i forvaltninga av Utvalde kulturlandskap og verdensarvområda.

### Rådmannen si tilråding:

Seljord kommune støttar forslaget til ny forskrift om tilskot til tiltak i Utvalde kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområda Vegaøyen og Vestnorsk fjordlandskap.

Vi vil likevel kome med nokre merknader:

- Det er viktig å sikre vidare forpliktande samarbeid med fylkesmannens landbruksavdeling og den fagkompetansen innan naturmangfald- og kulturminnefeltet som finst regionalt. Dette gjeld ikkje minst innan kulturminne der kommunen har mindre kompetanse.
- Det er viktig å arbeide for at kommunane som har dette ekstraarbeidet, kan bli sikra overføringar via rammebudsjettet, utan at det går utover midlane som er sett av til tiltak i områda.

## **Handsaming i Plan, miljø og teknisk utval - 21.08.2019**

Samrøystes vedteke.

## **Vedtak i Plan, miljø og teknisk utval - 21.08.2019**

Seljord kommune støttar forslaget til ny forskrift om tilskot til tiltak i Utvalde kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområda Vegaøyen og Vestnorsk fjordlandskap.

Vi vil likevel kome med nokre merknader:

- Det er viktig å sikre vidare forpliktande samarbeid med fylkesmannens landbruksavdeling og den fagkompetansen innan naturmangfald- og kulturminnefeltet som finst regionalt. Dette gjeld ikkje minst innan kulturminne der kommunen har mindre kompetanse.
- Det er viktig å arbeide for at kommunane som har dette ekstraarbeidet, kan bli sikra overføringar via rammebudsjettet, utan at det går utover midlane som er sett av til tiltak i områda.

Utskrift til:  
Landbruksdirektoratet  
Hjartdal kommune  
Fylkesmannen i Vestfold og Telemark